

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 01.04.2019

MØTESTAD: Scandic Maritim, Stavanger

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Gunnar Berge	Leiar
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente S. Pilskog	Medlem

Deltakar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen
Konsernrekneskapsjef Tove Trovatn

Forfall frå administrasjonen

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Deltakar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for utvalet)

Sakliste:

Sak 09/19 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 10/19 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.02.2019
Sak 11/19 O Status på internrevisjon
Sak 12/19 O Prosjektmandat - Ventetider
Sak 13/19 O Årsrekneskap 2018
Sak 14/19 O Eventuelt

Sak 09/19 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 10/19 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.02.2019

Oppsummering:

Førebels protokoll var formidla til medlemmene for kommentarar etter møtet.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 04.02.2019.

Sak 11/19 O Status frå internrevisjonen

Oppsummering:

Internrevisjonen gjekk gjennom status på i gangsette prosjekt med utgangspunkt i tilsendt oppsett i møteinnkallinga. Utvalet ønskjer at ein til neste møte tar inn ein tabell med mulige, nye prosjekt som kjem til i perioden.

Internrevisor annonserte at avdelinga no prøver ut ei ordning der dei ber om tilbakemeldingar frå dei som har vore reviderte, etter at prosjektet har blitt ferdigstilt. Formålet er mellom anna å styrke grunnlaget for eigen læring og utvikling i internrevisjonsavdelinga, samt virke til å auke kjennskapen til resultatet av ein internrevisjon ute i verksemda. Resultata frå ein gjennomført, og ein delvis gjennomført spørjeundersøking var gode. Utvalet gav uttrykk for at dette var eit positivt tiltak.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 12/19 O Prosjektmandat - ventetider

Oppsummering:

Dette prosjektet kom inn i revisjonsplanen i 2018 og blei rullert vidare i ny plan. Revisjonsutvalet har tidlegare identifisert prosjektet som det neste internrevisjonen bør prioritere. Formålet med revisjonen er å undersøkje om føretaka sine rutinar og praksis for prioritering og oppfølging av pasientane før og særleg etter at helsehjelp er starta, sikrar forsvarleg pasientbehandling og unngår uheldige vridingseffektar. Dette er eit komplekst fagfelt, og internrevisjonen er framleis i dialog med ulike fagmiljø for å sikre eit best mulig grunnlag for revisjonen. Prosjektet vil gå føre seg våren og hausten 2019.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 13/19 O Årsrekneskap 2018

Oppsummering:

Det ligg i instruks for revisjonsutvalet at utvalet skal gjennomgå vesentlege forhold knytt til Helse Vest sin årsrekneskap saman med ekstern revisor. Dei siste åra har òg administrasjonen i Helse Vest RHF gått gjennom årsrekneskapen sett frå sitt perspektiv. I møtet blei det gjort av konsernrekneskapsjef Tove Trovatn. Ekstern revisor BDO, representert ved partner Ellen Marvik, gjekk gjennom revisjonen av årsrekneskapen. Det var godt rom for spørsmål og svar i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 14/19 O Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.

01.04.2019
Ref. Bård Humberset

Gunnar Berge (Leiar)

Olin Johanne Henden (Medlem)

Bente S. Pilskog (Medlem)